Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. nr. 7. Skav

Herad: Åsane

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Edv. Haukedal

Gard:

(adresse): Hylkje

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Båe deler

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Veit ikkje at det var brukа å setja på større pris på kyr som hadde fått skav. Her var det vanleg at folk mest kjøpte krøter frå andre bygdelag. Folk hadde den tru at skaofera kyr stod seg best.

2. Har ikkje høyrt om at dei rekna med noko slikt. Slaktekyr var gjerne feite fora og hadde då helst fått lite skav.

3. Det var vanleg tru at mjølk etter skav vart sterkare enn ellers, men ikkje har eg høyrt dei heldt ho farleg på nokon måte.

4. Noko regle om skaving kjenner eg ikkje her på bygda, men dei hadde jamt mål for skaving. Det kunne vera ei kipa skav for dagen. Det var ofte vilkårsmannen sitt arbeid å skava, og når han hadde ei kipa full såg han sitt dagsverk gjort. Kipor hadde ein ymse storleikar av. Ei skavkipa vil seia ei middelstor kipa – på 5–6 skjepper.

5.–6. Reiskapen dei skav med var helst ein gamal ljå som tjøttet var slege av og som dei rogga ei fille om for å halda.

9696

Til småskav-greiner og tunn kvist-hadde dei eit mattak for skavljåen og så drog dei skavbuske mot knivsegga. Dette mot-taket var jamt mot ei seng som dei slo ei fjøl på. Nokon staur frå golv til tak har eg ikkje sett. Til skav av större tre-stammer og store greiner - bruka dei gjerne handakniv eller skavljåen.

7. Veit ikkje av slik leiga.

8-12 Ukjend for det meste. Ordet skavkelle har vore brukt, men utan noko klår meining av kva det ligg i det.